

Finansdepartementet

Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
18/01445-2

Dato
22.06.2018

Høyring - forslag om endringar i reglane om informasjonshandsaminga i Skatteetaten

Vi viser til Finansdepartementet si høyring av 23.3.2018 med forslag om endringar i reglane om informasjonshandsaminga i Skatteetaten.

Vi ser ei viss overlapping mellom forslaga frå Finansdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet si høyring om utveksling av personopplysningar i forbindelse med nedkjemping av arbeidslivskriminalitet: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---utveksling-av-personopplysninger-i-forbindelse-med-bekjempelse-av-arbeidslivskriminalitet/id2600783/>

Spesielt er forslaga i kapittel 5 om utlevering av informasjon av stor interesse for Brønnøysundregistra. Vidareutvikling av Skatteetaten sine reglar for deling av teiepliktig informasjon med forvaltninga og med allmenta har konsekvensar også for ein del av oppgåvene våre. Dei påverkar realiseringa av "berre ein gong"-prinsippet som vi skal bidra til, blant anna som forvaltar av Oppgåveregisteret, heimla i lov om Oppgåveregisteret (6. Juni 1997 nr. 35). I tillegg forvaltar vi nasjonale komponentar som skal vere tilpassa dei reglane som er foreslåtte (autorisasjonsnav, samtykkeløysing og formidlingstenester).

Vidare kan dei foreslåtte endringane i regelverket som gjeld deling av informasjon påverke oppfatninga av korleis reglane generelt bør vere i det offentlege. Dette ville også vedkomme Brønnøysundregistra som forvaltar av teiepliktig informasjon. Vi har eit spesielt ansvar for å vareta næringslivet sine interesser når det gjeld forholdet til offentlig sektor. Vi ønsker derfor å kommentere enkelte forslag.

I lov om skatteforvaltninga blir det foreslått ei avveging mellom fordelane og ulemperne ved utlevering, og vidare at departementet skal kunne gi nærmare føresegner for denne vurderinga av samhøve. I forskrift til skatteforvaltningsloven § 3-3-1 er det gitt forslag til retningslinjer.

Eit av forslaga er at det skal leggjast vekt på kor mange personar som får tilgang til opplysningane. Vi meiner dette er eit viktig poeng som kan få stor effekt på regjeringa sitt mål i Digital agenda om "berre ein gong". Det opnar for å utvikle løysingar der dei teiepliktige opplysningane berre blir behandla maskinelt, i automatiserte vedtak, og saksbehandlarar ikkje har tilgang til grunnlaget for saksbehandlinga, berre konklusjonane.

I vurderinga av forholdet mellom fordelar og ulemper for personvernet, meiner vi det er viktig å gjere ei vurdering av personvernkonsekvensane for registrerte med utgangspunkt i dagens situasjon. Dagens situasjon vil ofte innebære at den registrerte må samle og levere dokumentasjon til mottakarorganet på eiga hand. Som røynsla viser vil dokumentasjonen ofte innehalde overskotsinformasjon, og ettersom han ikkje er maskinlesbar må han bli behandla av personar hos mottakarorganet, ofte både postmottak og saksbehandlarar. Normalt vil dokumentasjonen også bli liggande som del av saka og vere tilgjengeleg i lang tid. Sett opp mot denne situasjonen vil det i mange tilfelle innebære ei styrking av personvernet, dersom opplysningar blir utleverte til mottakarorganet. For det første vil berre dei relevante opplysningane bli utleverte, og for det andre blir desse utleverte på ein måte som gjer at dei kan brukast i automatiserte prosessar, utan å bli gjort tilgjengelege for

Brønnøysundregistra

Postadresse: Postboks 900, 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Administrasjonen 75 00 75 09 Telefaks 75 00 75 05

E-post: firmapost@breg.no Internett: www.breg.no

Organisasjonsnummer: 974 760 673

personar i mottakarorganet.

For å sikre at det blir gjort ei slik heilskapsvurdering sett frå den registrerte si side, og ikkje ei vurdering berre ut frå forholdet mellom den registrerte og Skatteetaten, foreslår vi at det blir lagt til ei formulering i forskrift til skatteforvaltningsloven § 3-3-1 om at vurderinga også skal sjå på talet personar som i dagens situasjon får tilgang til dei dei same opplysningane - og eventuelt omfanget av overskotsinformasjon.

Vi foreslår derfor dette tillegg til skatteforvaltningsforskrifta § 3-3-1 (1) (ny setning):

Som ein del av vurderinga skal det også gjerast ei samanlikning med situasjonen for den registrerte, dersom opplysningar ikkje blir utleverte til mottakarorganet, men må fremjast og dokumenterast av den registrerte sjølv, inkludert kor mange personar som får tilgang til opplysningane og eventuell overskotsinformasjon.

Vi saknar ein omtale av samtykke under retningslinjene for vurdering av samhøve, slik dei er foreslått i skatteforvaltningsforskrifta § 3-3-1. Å legge til rette for at den registrerte sjølv tar stilling til om opplysningane skal utleverast eller ikkje bør også vere ein del av vurderinga. På denne måten har vurderinga ikkje berre to moglege utfall - at opplysningane blir utleverte utan den registrerte sin kontroll, eller at dei ikkje blir utleverte. I tillegg kan då informasjonen bli utlevert basert på samtykke. Dette kan sjåast i samanheng med eit anna vurderingspunkt, nemleg kor mange personar det blir gitt tilgang til opplysningar om, sett i forhold til kor mange personar mottakarorganet behandlar saker for. Dersom utlevering skjer gjennom eit grensesnitt for oppslag, og det ikkje er mogleg for Skatteetaten på førehand å vite kva personar eller kategoriar av personar som mottakarorganet vil trenge opplysningar om, vil dei måtte gi tilgang til opplysningar om alle, og stole på at mottakarorganet ikkje misbruker tilgangen. Ved utlevering gjennom brukarstyrt samtykke blir dette løyst ved at mottakarorganet ikkje får tilgang til opplysningane før innbyggaren sjølv godkjenner det.

Vi foreslår derfor følgande tillegg til skatteforvaltningsforskrifta § 3-3-1 (1) (ny setning):

Det skal gjerast ei samla vurdering av tre alternativ; inga utlevering, utlevering gjennom brukarstyrt samtykke, og utlevering uavhengig av den registrerte sitt samtykke. Ved utlevering uavhengig av samtykke bør den registrerte få informasjon om utleveringa.

Generelt bør utlevering av informasjon også sjåast i ein internasjonal samanheng. TOOP-prosjektet <http://www.toop.eu/> ser på moglegheitene til å utveksle informasjon over landegrenser mellom myndigheiter. Prosjektet er blant tiltaka i EU sin handlingsplan for eForvaltning for 2016-2020 og skal sikre at informasjon blir rapportert til offentlege myndigheiter berre ein gong, uavhengig av selskapet sitt heimland. På denne måten blir unødvendige administrative belastningar fjerna for europeiske verksemdar som må levere same data og dokument fleire gonger. Berre-ein-gong-prinsippet er nedfelt i Europakommisjonen sitt forslag til forordning om ein digital portal for informasjon om den indre marknaden <http://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=COM:2017:256:FIN>. I TOOP-prosjektet samarbeider organisasjonar frå 21 land. Frå Noreg deltar Brønnøysundregistra og Sjøfartsdirektoratet med Brønnøysundregistra som koordinator.

For val av løysing for deling av informasjon med allmenta (høyringsnotatet sitt kapittel 5.5) kan det vere interessant å sjå på det som blir utvikla i NADOBE, som står for nasjonal teneste for dokumentasjonsbevis. Den tar seg av offentlege myndigheiter sitt informasjonsbehov om leverandørar ved offentlege innkjøp. Tenesta som blir utvikla på Altinn-plattformen, styrer oppdragsgivarar sin tilgang til offentlege register og lagar «bevispakken» som blir sendt vidare til oppdragsgivar sitt system. NADOBE er basert på brukarstyrt samtykke i Altinn. Brukarstyrt samtykke kan nyttast når mottakar ikkje har heimel til å innhente opplysningane. NADOBE er også tilrettelagd for integrasjon mot internasjonal infrastruktur. Tenesta er generisk og vil kunne brukast også for andre forretningsområde enn offentlege innkjøp, medrekna nye register og nye brukargrupper. Det må likevel takast atterhald om ei grundig vurdering av dei personvernrettslege implikasjonane av ei slik utviding. Brønnøysundregistra og Skatteetaten samarbeider om bruk av denne tenesta. Vi ser fram til å halde fram samarbeidet vårt med Skatteetaten på dette området.

Vi har med interesse lese dei vurderingane som er gjort når det gjeld automatisert behandling og profilering (kapittel 4.2). Sidan vi har parallelle problemstillingar, meiner vi at ein felles gjennomgang med Skatteetaten kunne vere til gjensidig nytte.

Med helsing

BRØNNØYSUNDREGISTRA –

Brønnøysundregistra

Postadresse: Postboks 900, 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Administrasjonen 75 00 75 09 Telefaks 75 00 75 05

E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no

Organisasjonsnummer: 974 760 673

Lars Peder Brekk
Direktør

Geir Jacobsen
Assisterende direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke handskrivne signaturar.

Saksbehandlar: Dörthe Koerner